

Frå vikingland til Amerika -



FROM AMERICA WITH LOVE: Peggy og Philip Zinke gifta seg for to år sidan. No er dei på vitjing i Norge. Ho har røtene sine frå Dalland og Halland på Radøy.



LEGG AN: Børje Møster frå Nordhordland bueskytterklubb instruerer. Dei fleste menn har vel hatt eit forhold til «cowboy og

RADØY: Gjennom mellom anna Vestnorsk Utvandringssenter på Sletta, har historia om den store Amerikafarten vorte godt kjent i Nordhordland. Men ein kan og dra andre vegen, frå Amerika til vikinglandet Norge.

EGIL OLSVOLD
Tekst og foto

Peggy og Philip Zinke kjem frå området rundt Chicago i USA. No er dei på tur i Norge, og har funne fram til Utvandringssenteret på Sletta, og den årlege tilstelninga "Kystsovekeene".

– Eg er pensjonist no, fortel Philip.



SKINN OG PERLER: Indianarane på prærien laga mest alle klede og telt i skinn og lær. Skinnposar til å lagre mat og andre husgeråd laga dei og. Frøya har sett seg ned og vil lage in skinnpose, pynta med glasperler.

– Eg dreiv med bier, og gjorde det bra. Kona mi, Peggy, har røtene sine her på Radøy, på Dalland og Halland. Så no er eg her for å sjekka bakgrunnen hennar, fortel han med eit smil.

– Vi har mellom anna reist med toget frå Oslo til Trondheim. No skal vi attende til Oslo for heimreise. Vi held på å planlegga ruta. Kanskje vert det ein tur med Bergensbanen over fjellet, legg han til.

Cowboy og indianar

Bogeskyting var ein kunst både steinalderfolket og indianarane på prærien måtte meistra. Børje Møster er leiar i Nordhordland bueskytterklubb. Klubben har om lag 40 medlemmer.

– Ikkje alle er like aktive, men vi øver med ujamne mellomrom. Og så vil eg påstå at vi har Norges stillaste skytebane. Vi steller til



I FENGSEL: Jakob, 7 år, og Ella, 4 år, tykte det var litt skummelt i fengselet, men det var og kjekt å prøvestje litt.

- og omvendt



indianar». Her er det indianarane sin bogekunst som skal etterliknast og prøvast ut.

kurs på garden, og sel litt utstyr og, fortel han.

No instruerer han William som er 10 år.

– Alle gitar har eit tilhøve til "cowboy og indianar". Dei fleste gitar har nok smidd sin eigen boge og pilar. Bogeskyting er ein fin sport, som set konsentrasjonsevna på prøve. Elles er det ein sport som ikkje krev dei store økonomiske utlegga. I alle fall ikkje på amatørnivå, fortel Møster.

Vikingreiskapar

Morten Kutschera har spesialisert seg på steinalder- og vikingreiskapar. No sit han på ein skinnfell og demonstrerer korleis ein lagar knivblad og andre skjærereiskapar av flintstein. Kledda er av skinn, slik det høver seg ein ekte steinaldermann. Han deler villig ut ferdige eksemplar, og det

syner seg at knivane er utruleg skarpe.

– Eg er frilansar, fortel han.

Reiskapar til utstillingar er etterspurde. Eg lagar kopiar av våpen og reiskapar som er funne i utgravingar. Og så føreses eg litt på Universitetet, fortel han.

Indianarkultur

Ida Heiarland, leiar på utvandringsenteret, sit i ei av stovene og fortel om indianarkulturen på præreren. Indianarane livnærde seg av det som fanst på præreren. Bøffelen, eller Bisonoksen, var heilt avgjerande for deira livsvilkår. Den gav både mat, husly og klede.

Frøya er 11 år, og får prøva seg på å sy med ei nål av bein. Ho vil laga ein skinnpose, brodert med perler. Det er litt tungt å få nåla gjennom skinn, så ho må ein vere tolmendig.

Kulturarv

Arrangementet på Sletta, der ein la vekt på steinalderhistorie, vikinghistorie og utvandrainga til Amerika, var ei samansetjing som verka særskilt vellukka. Kystsovekevene held fram til langt ut i september, så det vert fleire arrangement i Nordhordland å ta del i.

GARASJEPORTER
SOMMER-
kampanje!
 GODE PRISER NÅ!
 Ring oss på
 tlf: 911 50 200 
 www.fasadeprodukter.no



FLINTSTONES: Morten Kutschera er ekspert på reiskapar i bein og stein. Reiskapar av flintstein er ein av spesialitetane hans. Julia, (med raudt skaut) frå Bergamo i Italia føl interessert med. Ho har vore ein måned i Norge, og har fått seg arbeid.

AUGUST-TILBUD **JUBILEUMSTILBUD**
 Vi feirer 40 år - du får tilbudene!


 -25% Gjelder på utvalgte produkter til Hans Grohe
VASKEROM FRA LINN BAD -20%
 Finnes i forskjellige størrelser og løsninger. Utvalget vil variere fra butikk til butikk. Her vist vaskerom fra Linn Bad. Tilbudet gjelder i hele august, eller så langt lagerbeholdningen rekker. Vi tar forbehold om trykkfeil og fargeavvik.
Skal du pusse opp badet? Vi tar hele jobben!
 Vi hjelper deg fra start til slutt
 • Planlegging • Riving • Tømrerarbeider • Støpearbeider
 • Membranarbeider • Flisarbeider • Rørarbeider • Elektriske arbeider
 AS Haugland VVS
 Lyngveien 2
 56 35 77 90
 www.comfort.no 
AS Haugland VVS
 Åpningstider: Man-ons kl. 9-16:30 • tor-fre 9-19 • Lør 10-15

15% RABATT
 på alle sko, støvler og chaps (ikke Ariat*)
 T.O.M. 3/9
 FLEECE-SOKKER med fuskpels 95,-
 GUMMISTØVLER (579,-) **Nå 492,-**
 RIDESTRØMPER 59,-
 JODHPURS (399,-) **Nå 339,-**
 BALTIMORE STØVEL AV VANNAVISENDE LÆR (999,-) **Nå 849,-**
 Springyard Shoe Cleaner, Kiwi skokrem, Springyard imregnering og pussefille.
Kampanjepris
 NUBUCKOLJE (79,-) **Nå 59,-**
 *Kampanjen gjelder t.o.m. 3/9 så langt lageret holder. Kan ikke kombineres med andre rabatter og tilbud. Rabatten trekkes fra i kassen. Se hele sortimentet i butikken eller på www.hooks.no
Hööks
 www.hooks.no
 Gullgruven Senter - Bergen
 Ma-Fre 10-20, Lø 10-18